

Dykkar ref.

Vår ref.
19/28311 RTVEArkivkode
B43Dato
03.09.2019**Referat foreldremøte 3. trinn****Rektor snakkar.**

- Trafikk: Ønskeleg at elevane går/syklar. Bilar gjer skulevegen utrygg.
- Utviklingsplan for skulen: Fokus på lesing, skriving og engelsk.
- **Helsesjukepleiar:** Kjersi Juell. Kvar dag på Motland. De heime kan sjølv ta kontakt.

Vaksne på trinnet:

Kontaktlærarar: Karita, Marie, Ann Iren og Else Gry.

Sven Jørgen er faglærer i gym og KRLE, han er med kvar fredag.

Ingvar, Anne og Karin er assistentar på trinnet.

Denne veka har me med oss to elevar frå Tryggheim vgs, dei skal vere med oss kvar torsdag framover.

Informasjon

Matte:

- Bølgen: På foreldremøtet i 1. trinn snakka Margit Askeland om matematikkprosjektet som heiter Bølgen. Dette er eit prosjekt som varer frå 1. og ut 4. trinn. Dette går ut på at me arbeider mykje med talforståing og dei fire rekneartane (pluss, minus, ganging og deling). Me jobber i bølger og kartlegger for å sjå om elevane har lært og forstått det me har arbeida med. Dei elevane som ikkje klarer kartlegginga går vidare i bølge 2 og trener meir på det dei treng øving i. Dei elevane som klarer kartlegginga får meir mengdetrening til me startar opp med nye tema. Dette året skal me jobbe med tala opp til 1000, dei skal kunne plassere tala på tallinje, skrive talrekker, skrive tala på utvida form, kunne rekne med pengar. Me jobbar mykje med posisjonssystemet - einarplass, tiarplass, hundrerplass og tusenplass. Elevane får eigne hefter med oppstilte reknestykke og rekneforteljingar. Fram til jul lærer dei oppstilte reknestykke uten veksling, etter jul lærer dei med veksling. Me skal jobbe med klokka både før og etter jul. Etter jul braker det laust med innlæring av gangetaballane 1-5.
- Elevane får lekser i hefte, smartøving, quizlet og oppgåver som ligg på Classroom.
- Fint om de heime snakkar om klokka og bruker klokkar kvar dag, både analogt og digitalt.

Norsk:

- Lekser: Leseforståing + teknisk lesing, samt språklege emne. *Viktig å høyre elevane i leseleksa.* Mengdetrening er viktig for å bli flinke i noko. Snakk om ord (inkl. fokusord). Ta deg tid til å forklare. Følge opp skriveleksene. Eleven må sjølv lese oppgåveteksten og prøve å finne ut kva han skal gjere.

- Anbefaler høgtlesing. Hjelp ungane til å få leselyst.
- Lese kurs (teknisk lesing, diftongar, stavingar) er eit tilbod for enkelte elevar.

Lekser:

- Øv eleven på å lese vekeplanen sjølv. Elevane treng å bli sjølvstendige i å finne ut kva oppgåven ber dei om å gjere.
- Merk bøkene godt utanpå bokbind. Fleire bøker liknar. Blir lekser i mange ulike bøker i år, men leseboka bør alltid liggje i sekken. Har elev gløymt rett lesebok, kan dei kome ned og hente så lenge skulen er open.
- Foreldrene sitt ansvar at leksene blir gjort! Rett mattestykke - rett skrivefeil de veit me har øvd på på skulen (stor bokstav, punktum, spørjeteikn)
- Mål for veka: Viktig at de er med og følgjer opp måla. Er med og sjekker barnet om han kan det (jf. gangetabell, lesing)

Engelsk:

- Me legg enno mest vekt på muntlig engelsk. Me har starta å skriva litt meir i timane. Eg kan feks seia ord på engelsk som står skrive på tavla. Elevane finn ut kva for eit ord eg seier.
- Leksene er setningar som elevane øver på muntlig. Det er og ei oppgåve i classroom eller på ark i perm. Her skal elevane lesa og skriva litt engelsk. Me startar med heilt enkle tekstar og byggjer på.
- Eg snakkar mest mulig engelsk i timane.
- Me har ein time i veka med engelsk pluss eit kvarter kvar mandag i læreløypa.

Symjring:

- Ikkje tid til å vaske hår i symjring. Ha med rett utstyr til timane. *Alle har symjring kvar torsdag.* Mål 4. klasse: Eleven skal kunne falle uti på dypt vann, svømme 100 m på magen, og underveis dykke ned og hente en gjenstand med hendene, stoppe og hvile i 3 minutter (imens flyte på magen, orientere seg, rulle over, flyte på rygg), så svømme 100 m på rygg og ta seg opp på land.

Gym:

- Ha med eigne gymklede, + dusjar etterpå (handklede og såpe). Ikkje tid til hårvask.

Diverse informasjon:

I år har me nye klasserom- ny base. Eit ekstra klasserom med grupperom, me har god plass. Gruppesamansetning AD, BC. Alle har no fått gå i klasse med alle på trinnet.

Det er ønskeleg med god merking av klede, anbefaler navnelappar. Vannflaske, hjelm, gymsko, uteklede og elles det meste dei tek med seg på skulen.

Selskap: Inviterer alle jenter/gutter i gruppa di. Andre du er med i fritida, inviterer me på fritida.

Hodetelefoner- alle elevar fekk eigne øyreklokker i slutten av 2. trinn. Mange synes desse er vonde i øyrene, men det er desse me får tilbod om på skulen. Dersom eleven mistar dei, eller synes dei er vonde, er det lurt å ha med eigne heimefrå.

Vennegrupper

Påmelding, alle fekk utdelt lapp.

Fast dag og dato + leksefri. Felles for alle. Varierer mellom dei ulike vekedagene.

Viktig å følge opp!

Val

Nye klassekontaktar

Ut:

A: ~~Dag Erik Lutnæs~~ (Vara: Anne Torhild Ølberg)

B: ~~Gretha Sørensen Solberg~~ (Vara: Linn Cecilie Harbo)

C: ~~Arild Fosse~~ (Vara: Ingvild Eklund)

D: ~~Trine Lill Aronsen Haver~~ (Vara: Norun Motland)

FAU: Linda Tendenes (Vara: Marlen Auestad) er vald for 3 år.

Nye:

A: Madelen Mæland (Vara: Silje Ropeid)

B: Erlend Ueland (Vara: Kristine Torland Laupland)

C: Vegard Ask (Vara: Haldis Fuglestad)

D: Astri Rosland (Vara: Helge Håland)

Dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikke signatur